



FOLKEMUSIKK OG DANS

HARDING FOLK

HARDANGER SPELEMANNSLAG

Årsmelding for Hardanger Spelemannslag 2014

Styret og valde representantar

Anne-Marie Øydvin - leiar
Øystein Velure – nestleiar
Kari-Margrethe Røystrand – kasserar
Åshild Sorteberglien Ljones –skrivar
Arne Jordan – styremedlem
Knut Hamre – 1. varamann
Alexander Aga Røystrand – 2. varamann
Ole Gjerde – 3. varamann

Oddmund Teigland– revisor
Anita S. Bråvoll –revisor

Styret for Anders Kjerlands minnefond

Arne Jordan med Øystein Velure som varamann

Representant til Rådet for Hordaland Folkemusikklag

Leiar i laget. Fast varamann er ikkje utpeika.

Representant til Hardanger Folkemusikksamling

Oddmund Teigland. Fast varamann er ikkje utpeika.

Utsending til årsmøte i FolkOrg og Hordaland Folkemusikklag

Arne Jordan representerte laget på årsmøte i FolkOrg, 26.-28.april på Hamar
Laget var ikkje representert på årsmøtet i Hordaland Folkemusikklag

Styremøte

Styret har i meldingsåret hatt 3 styremøte.

Ut over dette har det vore jamleg kontakt mellom styremedlemane på e-post og telefon

Representasjon

- Hardingfelesenteret: Arne Jordan og Anne-Marie Øydvin

Medlemstal

Laget har i 2014 hatt 94 betalande medlemmar mot 82 i 2013. Av desse er 20 ungdomar (t.o.m. 18 år) og 74 vaksne. Alle som er med i Juniorlaget skal no vera registrete som medlemmar.

Kulturpolitisk arbeid

Hardanger Spelemannslag ynskjer å vera ein sentral kultur aktør i Hardanger, ved å styrka lokale tradisjonar innanfor dans, musikk og song og auka medvitet kring dette. Me ynskjer å synleggjera, og grunngje kvifor arbeidet vårt er viktig, og knyta dette opp til prinsipp som Unesco sin konvensjon om ikkje-materiell kulturarv gjennom aktivt bruk og forvaltning av den arven me har fått.



FOLKEMUSIKK OG DANS

HARDING FOLK

HARDANGER SPELEMANNSLAG

Denne måten å tenkje forvaltning av ein arv på; at folkemusikken og dans er *ein arv som alle og ingen eig* vil truleg verta enno viktigare i framtida, då dette er ein måte å tenkje på som verkar å vera framand for nokre aktørar ute i den store verda.

Oppretting av eit hardingfelesenter der dokumentasjon og formidling av ein levande tradisjon, er eit hovudmoment, vil vera eit prov på at ein har lukkast med noko av dette arbeidet. Eit anna viktig område er å vidareføre dei sterke felemakartradisjonane ein har hatt i Hardanger, slik at me i framtida og vil ha tilgang til gode feler laga i Noreg. For i dag kan ein få kjøpt "hardingfeler" produsert både i Kina, Japan og Tasmania.

Synleggjering av den kulturarven me forvaltar gjennom bruk er og viktig, og fleire av laget sine medlemmar har utmerka seg på dette feltet i året som gjekk. Mellom anna fekk prosjektet "Spelarholo" der Knut Hamre, Åse Teigland og Alexander Aga Røystrand formidler tradisjonsstoff frå Granvin Folkelarmprisen 2014 for beste solo-utgjeving.

Laget sine medlemmar har og "sett Hardanger på kartet" ved fleire andre høve og. M.a. under Landskappleiken på Geilo, under Hardingtonar i Kvam og på Landsfestivalen på Steinkjer.

På Landskappleiken var Hardanger representert både i dans, spel hardingfele (solo og lag), vokal, durspel og instrumentutstilling og våre medlemmer sytte for å henta heim fire 2.plassar i klassane halling A og B, durspel junior og lagspel.

Anders Kjerlands minnefond

Det har ikkje vore utdeling frå fondet i 2014

Arbeidsoppgåver i 2014

- Dans, spel og song 2014 vart skipa til i Granvin helga 28-29. 2014 etter tradisjonell "leist".
- Førebuing av deltaking på
 - "Hardanger i hundre" i Oslo konserthus, 22.mars 2014
 - Hardingtonar i Norheimsund, 13. juni 2014
- planlegging og gjennomføring av Vestlandskappleiken 2014
- Drift av juniorlaget - planlegging av øvingar m.m.
- "senior"- øvingar i samband med deltaking kappleiar og konsertar

Vestlandskappleiken 2014

Vart skipa til i Granvin helga 3-5. oktober. Kappleikshelga starta med ein konsert i Trudvang med tittelen "Hardingar anno 2014". Konserten hadde som mål å syne både breidde og profesjonalitet innanfor arbeidsområda våre, noko me lukkast til fulle med etter dei tilbagemeldingane ein fekk. Kor mange som var innoom dørene i Trudvang veit me ikkje heilt sikkert, men når underteikna var innoom litt ut i konserten, var det ikkje anna enn ståplassar på galleriet att. Laurdagen var det kappleik i

Trudvang under kyndig leiing av tevlingsnemnda, med dans og premieutdeling om kvelden. Kappleikskontor og øvingsrom var på Granvin Barne- og Ungdomsskule, og sidan vêrgudane viste seg frå si aller beste side heile helga, vart ikkje "avstanden" mellom skulen og Trudvang noko problem. Økonomisk gjekk det og over all forventning og styret har gleda av å melde om eit overskot på kr ????. Som vert fordelt etter gjeldande regelverk med 85% til spelemannslaget og 15% til fylkeslaget. Styret



FOLKEMUSIKK OG DANS

HARDING FOLK

HARDANGER SPELEMANNSLAG

vil og nytta høvet til å takke alle som gav sin skjerv til at dette vart ein kappleik som vil verta hugsa med glede av både bygdefolk og tilreisande.

Konsertar m.m.

2014

28.-29.03. Dans, spel og song: Konsert på Løo i Granvin

29.05. Juniorspelemannslaget deltok på "De unge's festspilldag" i Bergen.

Samarbeid med Kulturskulane i Hardanger

13.juni Deltaking på Hardingtonar i Norheimsund

2015

24.januar- øvingshelg og pub kveld på Utne.

14.mars - Dans, spel og Song i Granvin - måtte diverre avlysast grunna for få påmelde

Juniorlaget

Det har vore faste øvingar etter utarbeid plan- 4 møteplassar Utne, Granvin, Kinsarvik og Ulvik /Hallanger. Årsplan og namnelister er sendt ut til «alle» og opplegget med ansvarlege personar/matnemnder har fungert svært bra.

Styreweb

– me har so langt ikkje teke systemet i bruk fullt ut, men nyttar oss av medlemsregisteret og dei moglegheitene det gjev ved utsending av informasjon til medlemmane.

Hardingfolk.no

– nettsida til Hardanger Spelemannslag og Facebook kontoen hardingfolk.no vert brukt til å informera om ting som skjer i laget.

Slutord

Hardanger i hundre i Oslo konserthus laurdag 22.mars 2014 var starten på eit svært aktivt år for laget, eit år som har gjeve oss høve til å presentera både laget og tradisjonen me forvaltar på mange ulike arenaer og for mange ulike publikumsgrupper. Me har ikkje fått gjennomført alt me hadde planlagt, og noko kunne heilt sikkert ha vorte både planlagt og gjort annleis, men me ber medlemmane våre ha forståing for at me som sit som tillitsvalde ikkje alltid kan prioritera spelemannslaget fyrst. Me er ikkje tilsette, men gjer denne jobben på dugnad utan anna form for godtgjering enn ros og ris frå medlemna og samfunnet i kring oss.

Styret vil takke medlemmane for særst godt arbeid i året som gjekk og me vonar på at de framleis vil vera med å dra lasset i det nye arbeidsåret.

Ulvik, 09.03.2015

for styret i Hardanger Spelemannslag

Anne-Marie Øydvin
-leiar-